



Investerings- prospekt

Prosjekt Agro Business Park søker 50 MNOK i
aksjekapital til
etablering av ABP Bioenergi AS
for investering i produksjon av
forbrenningsanlegg og pelletsfabrikk
i Gloppen

Innhold og kontaktinformasjon

Innholdsliste

Samandrag.....	Side 2
Om ABP Bioenergi.....	Side 3
Korleis skal vi tene pengar.....	Side 4
Kvifor skal vi lukkast?.....	Side 5
Investeringsforslag.....	Side 7

Kontaktinformasjon

- Prosjektleder: Jan Ivar Rise
e.post: post@kime.no
mobil: +47 99 56 02 25

Introduksjon

- **Pelletsfabrikk
I kombinasjon med
forbrennings-
anlegg**

Forskning syner at verden står overfor ei menneskeskapt klimaendring. Vi står overfor ei global oppvarming, der teikna allereie er tydelege. Brear smeltar, gjennomsnitts-temperaturen stig. Vasstanden i havet er forventet å auke. Hyppigare ekstrem ver er registrert.

Klimagass utsleppa må ned. Politisk har ein sett strenge mål for å reduksjon av utsleppa. Verkemidla er mange. Auka bruk av fornybar energi er eit viktig verkemiddel. I våre område er bioenergi eit godt og miljøriktig alternativ til oppvarming av bygningar. Pellets er eit bioprodukt, i all hovudsak basert på skogsvirke av gran og furu.

I Sogn og Fjordane får vi ein sterk vekst i hogstmogen skog av gran og furu. Den lokale ressursen er dermed tilstades for å kunne starte produksjon av pellets i Sogn og Fjordane.

Gjennomført marknadsvurdering syner at over halvparten av pelletsproduksjonen kan seljast i Sogn og Fjordane. Prisane på pellets er konkurransedyktig med alternative energikjelder. Prisnivået i Norge vil auke opp mot europeisk nivå – med over 60%.

Forstudie syner at Pelletsfabrikk som nyttar varmen frå forbrenningsanlegg, basert på rundstokk frå gran og furu, gjev interessant bedriftsøkonomisk drift.

Alle våre driftstekniske vurderingar er gjort ut i frå erfaringstal frå Hallingdal Pelletsfabrikk AS og Hallingdal Renovasjon AS.

Vi søker

- **langsigte
investorar**

50 MNOK

Ein eller fleire investorar som kan tilføre verksemda 50 MNOK i aksjekapital. Herav 1 MNOK i mai 2008 og 49 MNOK i desember 2008.

1 MNOK skal brukast til forprosjekt for inngåing av avtaler om søppel, slipvirke, tomteareal og tilskot frå ENOVA samt prosjektering av fabrikkane.

Aksjekapitalen på 50 MNOK skjer ved oppstarten av pelletsfabrikken og forbrenningsanlegget i 2009. Aksjekapitalen, med tillegg av tilskot frå det offentlege, utgjer om lag 54% av totalt kapitalbehov.

Om ABP Bioenergi

Bakgrunn

Gloppen kommune, i samarbeid med Sandane Næringshage, tok initiativ overfor faglaga i Gloppen for å auke verdiskapinga i landbruket. Satsinga er komen i gong gjennom prosjekt Agro Business Park. Faglaga i Gloppen har vore idéutviklar og pådrivar. Produksjon av energi har Gloppen stor og god kompetanse på. Samstundes som store mengder hogstmogen skog i Sogn og Fjordane kjem til uttak i frå 2009, om lag 400 000m³.

Klima har samstundes vorte sett på den politiske agenda over heile verda. Fornybar energi er eit stikkord. Reduksjon av klimagassutslepp med 20 til 30% er politiske mål for EU. Biobrensel er eit viktig verktøy til auka bruk av vassboren oppvarming.

Samstundes legg den norske regjeringa fram nye tiltak for handtering av søppel. Deponering av søppel vert forbudt frå 2009. Bruk av forbrenningsanlegg skal nyttast. Føresetnaden er at minimum 50% av varmemproduksjonen frå forbrenningsanlegga skal nyttast som energi for oppvarming av offentlege bygg, bustader og næringsbygg.

Tidspunktet for ei satsing på pellets som bioenergi, i kombinasjon med tørking av flis frå forbrenningsanlegg, er derfor vurdert som tilnærma optimal.

Korleis skal vi tene pengar?

Marknad

Marknaden for trepellets i Norge er i utvikling, men er prega av høgt engasjement på tilbodssida og nokså laber interesse på etterspurnadsida. Etableringa på tilbodssida ser ut til å medføre ein innanlandsk produksjon på 115 000 tonn i 2007, medan det innanlandske forbruket ser ut til å bli ca. 45 000 tonn. På grunn av politiske vedtak, med auka fokus på bioenergi, er etterspurnadskurva raskt stigande i 2007.

Den internasjonale marknaden for trepellets er prega av høg etterspurnad og knappheit på tilbodssida, slik at det er gode moglegheiter for eksport for dei norske pelletsprodusentane.

I den internasjonale marknaden for trepellets var det høg kapasitet på tilbodssida og relativt låge prisar heilt til hausten 2006. Sidan den tid har kraftverk og andre storforbrukarar lagt om til å bruke pellets, slik at ein i aukande grad har fått knappheit på tilbodssida. Dette har medført ein prisoppgang på pellets på 60 % i Europa og ein kraftig oppbremsing i veksten i hushaldingsmarknaden. Korleis den internasjonale marknaden for trepellets utviklar seg i tida framover er svært usikkert. Med det fokus som er på utslipp av CO₂ er det stor sannsynlegheit for at kraftverk og andre storforbrukarar framleis vil dominere pelletsmarknaden.

Marknadsundersøkinga, gjennomført i Sogn og Fjordane, dokumenterer eit potensiale på om lag 12.750 tonn pellets per år innafor eksisterande bygg, som har vassboren oppvarming. Det er om lag halve produksjonskapasiteten til den planlagde fabrikk. Endå har vi berre vore i kontakt med nokre få av dei private verksemdene i fylket, som nyttar vassboren oppvarming. Marknadspotensialet i Sogn og Fjordane er derfor monaleg større enn det dokumenterte potensialet.

For år 2008 opplyser Geilo Biobrensel AS at dei kan selje heile produksjonen frå Hallingdal Trepelletsfabrikk AS i den norske marknaden. Det var heilt utenkjeleg berre tilbake til år 2007. Bruken av pellets i Norge er i sterk vekst. Dessutan er prisnivået på veg opp.

Kundar

Målgruppa er større verksemdar, kommunar og fylkeskommunen sine bygningar som har vassboren oppvarming, og som i dag nyttar fossilt brensel som energikjelde.

Hushaldningane er også ei interessant målgruppe fordi den gjev høgare pris.

Korleis skal vi tene pengar?

Målsettingar

Langsiktige målsettingar:

- Verksemda skal vere ein solid leverandør av høgkvalitativ pellets
- Resultatgrad på 25%
- Etablere forretningsmodell som sikrar solid kontantstraum
- Regionen gjev eit positivt bidrag til miljøutfordringa

Kortsiktige målsettingar:

- Sikre finansiering og kommersialisering av forretningsmodellen
- Driftsoverskot i 2010
- Sjølvfinansierande frå 2011

Forretningsmodell

Produsere bioenergi frå regionalt slipvirke av gran og furu for å ta del av ein veksande miljømarknad.

Utnytte spillvarmen frå forbrenningsanlegg, for avfall, til tørking av flis i produksjonsprosessen av pellets. Bruke rundstokk i pelletsproduksjonen for å få ned transportkostnadane, men også få ein meir effektiv produksjonsprosess.

Starte sal av pellets i Sogn og Fjordane allereie i november 2007 for å opparbeide marknaden før investering i pelletsfabrikk og forbrenningsanlegg i 2009.

Kvifor skal vi lukkast?

Fortrinn

- Samankopling av ulike forretningskonsept til ein ny forretningsmodell gjev auka verdiskaping inn i same verdikjede
- Teknologien er utprøvd av samarbeidspart – anlegg nr. 1 i Norge
- Nye miljøkrav skaper ny marknad og dermed behov for nye løysingar
- Vår forretningsmodell har synt seg å vere meir effektiv enn konkurrerande forretningsmodellar.
- Timing av satsinga er svært god
- Bygger opp kompetanse for planlegging, utstyrsval, montering og drift for kunden

Marknadsføring

- Prosjekt Informasjon og Motivasjon av storkundar i Sogn og Fjordane startar i august 07, betalt av offentlege midlar i regi av prosjekt Agro Business Park, Sandane Næringshage
- ABP Bioenergi AS tek del i prosjekt Informasjon og Motivasjon
- Samarbeider med Geilo Biobrensel AS om marknadsføring overfor utlandet
- Offentleg fokus på bruk av bioenergi gjev mykje gratis omtale og marknadsføring

Konkurrentar

- Andre produsentar av pellets
- Andre produsentar av flis
- Fjordvarme
- El. Kjel

Kor mykje kan ein tene?

Forventa resultat

Forventa resultat er basert på erfaringstal frå Hallingdal Pelletsfabrikk AS. Driftsresultatet er utarbeidd under følgjande føresetnader:

- Forbrenningsanlegget er vurdert ut i frå sjølvkostprinsippet – resultat 0
- Normal produksjonskapasitet i pelletsfabrikken er 50 000 tonn pellets pr år
- Avskrivningstida på pelletsfabrikken er sett til 25 år
- Felles driftspersonale i produksjonsstyring av pelletsfabrikk og forbrenningsanlegg

Driftsbudsjett

Erfaringstal frå Hallingdal Trepelletsfabrikk AS:

Kostnadsart	Produksjon 50 000 tonn	Produksjon 35 000 tonn
Omsetning	64 500 000	45 150 000
Sum variable kostnader	40 600 000	28 420 000
Dekningsbidrag	23 900 000	16 730 000
Sum faste kostnader	4 680 000	4 680 000
Driftsresultat	19 220 000	12 050 000
Finanskostnader	4 680 000	1 800 000
Årsresultat	14 540 000	10 250 000
Resultatgrad	29,8	26,7
Internrente	15,6	9,2

Kor mykje kan ein tene?

Marknadspotensiale

Produksjonskapasitet på 50 000 tonn er maksimal utnytting av både fabrikklegg og leveranse av slipvirke frå lokalmarknaden. Derfor er marknadspotensialet avhengig av prisutviklinga. I februar 2008 kom EU med sin strategi for reduksjon av CO2 utsleppa. Eit viktig verkemiddel er å bruke fornybar energi i større grad enn hittil. "Grønne sertifikat" vert lansert som eit verkemiddel. Den norske regjeringa har lagt seg på same lina. Bruken av "Grønne sertifikat" er forsiktig vurdert å gje ein auke på fornybar energi med mellom 10 og 15% pr kwt. På mellomlang sikt er vurderingane at prisen på el.kraft vil auke utover dei nemnde 10 til 15% pr kwt. Dette har vi lagt inn i driftsbudsjettet under. Utgangspunktet er ein pris pr kwt på 40øre.

Marknadspotensielt driftsbudsjett

Kostnadsart	Prisauke 10%	Prisauke 15%	Prisauke 20%
Omsetning	71 000 000	75 000 000	79 000 000
Sum variable kostnader	40 600 000	40 600 000	40 600 000
Dekningsbidrag	30 400 000	34 400 000	38 400 000
Sum faste kostnader	4 680 000	4 680 000	4 680 000
Driftsresultat	25 720 000	29 720 000	33 720 000
Finanskostnader	4 680 000	4 680 000	4 680 000
Årsresultat	21 040 000	24 040 000	28 040 000
Resultatgrad	36,2	39,6	42,7
Internrente	22,7	26,9	31,1

Investeringsbehov

Investeringar

Pelletsfabrikk:

Komplett anlegg inkl.montering	8,2 MEUR	67,0 MNOK
Tomt og tomteopparbeiding		8,0 MNOK

Forbrenningsanlegg:

Komplett utrustning inkl. montering	29 MDK	32,5 MNOK
Bygning, tomt og tomteopparbeiding		8,0 MNOK
El. og VVS arbeider		4,5 MNOK

<u>SUM investeringar</u>		<u>120,0 MNOK</u>
--------------------------	--	-------------------

Alle summer er eksklusiv m.v.a. Prisane er gjevne som budsjettprisar og er fritt levert Sandane.

Finansiering

Investeringane er tenkt finansiert slik:

Aksjekapital	50,0 MNOK
Tilskot frå ENOVA – pelletsfabrikk 20%	15,0 MNOK
Tilskot frå ENOVA – forbrenningsanlegg 10%	4,5 MNOK
<u>Lånekapital</u>	<u>50,5 MNOK</u>

<u>SUM Finansiert</u>	<u>120,0 MNOK</u>
-----------------------	-------------------